

Telemark fylkeskommune
Postboks 2844
3702 Skien

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Vedr. Saknr. 14-00631 Dokumentnr. 14-00631-2


Vedlagt følger brev fra Telemark Fylkeskommune.

Telemark Fylkeskommune har startet med å sende ut posten digitalt. Dette er i tråd med regjeringens digitaliseringsprogram "På nett med innbyggerne". Digital kommunikasjon skal være førstevalg i samhandlingen mellom det offentlige, innbygger og næringsliv.

Til deg som fikk dette brevet på papir: Vet du at du kan motta og lese brev fra Telemark fylkeskommune digitalt i Altinn? Da vil du kunne lese brevet i samme øyeblikk som når saksbehandler sender det. Logg deg inn på www.altinn.no for å registrere ditt mobilnummer og e-postadresse. Dette gjør du under «Min profil» - «Mine innstillinger – meg selv». Du vil nå motta et varsel på sms og e-post når du får ny post fra fylkeskommunen.

Bedrifter og organisasjoner kan lese dokumentet elektronisk i Altinn via en forhåndsdefinert rolle. Varsel sendes til registrert e-postadresse. Ønsker du å lese mer om forhåndsdefinerte roller og tilgangsstyring i Altinn, finner du det her: <https://www.altinn.no/Portalhjelp/Administrere-rettigheter-og-prosessteg/>

Har du ikke åpnet dokumentet i Altinn innen to døgn, blir det skrevet ut og sendt via Posten.



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Avdeling for areal og transport

Vår saksbehandler
Torbjørn Landmark, tlf. +47 35 91 73 22

Vår dato
06.02.2015
Deres dato
24.10.2014

Vår referanse
14/00631-2
Deres referanse
201301317-47

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Svar - Høring av konsesjonssøknad for Nye Oterholtfoss kraftverk, Bø kommune

Vi viser til oversending frå NVE dagsett 24.10.2014 der fylkeskommunen er førespurt om å gjje fråsegn i samband med søknad om å byggje Nye Oterholtfoss kraftverk.

Midt-Telemark Energi AS ønskjer å byggje Nye Oterholtfoss kraftverk i Bøelva, med inntak på toppen av Oterholtfossen. Det er presentert to alternativ for plassering av kraftstasjonen. Hovudalternativet har utløp ved Piperudsletta og vil gi ein årleg produksjon på om lag 56 GWh.

Vi har følgande vurderingar av tiltaket vurdert opp mot sektorlovgivinga og opp mot kjente allmenne interesser som kan bli råka:

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Vi har ikkje opplysningar i våre arkiver om automatisk freda kulturminne innanfor området kor det er planlagt tiltak. Kunnskapen vår om kulturminne i nærområdet og dessutan ei vurdering av landskap og terreng, tilseier likevel at slike kan vere bevarte. I medhald av kulturminnelova § 9 må vi difor utføre ei arkeologisk registrering før vi kan gjje endeleg uttale til søknaden (jf. kulturminnelova §§ 3 og 8). Registreringa vil bli utført ved visuell overflateregistrering, prøvestikk med spade ved alternativ 2, samt maskinell sjakting ved alternativ 1. Du kan lese meir om metodane på: <http://www.telemark.no/Vaare-tjenester/Kulturminner/Arkeologi/Arkeologisk-feltarbeid>

Kulturminnemyndighetene rår at konsesjonsbehandlinga avventar til undersøkingar etter kml § 9 er gjennomført. Gjennomføring av arkeologiske registreringar tidleg i ein planleggingsfase kan bidra til val av løysingar som i størst mogleg grad avgrensar negative konsekvensar for automatisk freda kulturminne, til raskare avklaringar og dermed større forutsigbarhet for tiltakshavar/søkjjer.

Dersom konsesjonsbehandlinga gjennomførast før undersøkelsesplikta etter kml § 9 er oppfylte, må det i konsesjonen setjast vilkår om at kml § 9 må oppfyllest innan tiltaka vert i verksette. Undersøkingar etter kml § 9 og eventuell handsaming etter kml § 8 må avklarast i forkant av detaljplanlegging knytet til tiltaka innanfor konsesjonen. Dette er planar som må sendast for høyring hos det regionale kulturminnevernet.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Foretaksregisteret
Telemark fylkeskommune	Fylkesbakken 10	+47 35 91 70 00	+47 35 91 70 01	940 192 226
Avdeling for areal og transport	3715 SKIEN		Bankkonto	Hovedkontoradresse
Postboks 2844	E-post		5083 05 42083	Fylkesbakken 10
3702 SKIEN	post@t-fk.no			3715 Skien

Arkeologiske registreringar kan berre utførast på bar og frostfri mark. Den arkeologiske feltseongen i eit normalår er frå midten av april til november.

Vi viser til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta av offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskilt granskning må dekkast av tiltakshavar. Eit dagsverk er på 7,5 timar og timesatsen er frå 1.1.2014 kr 925,-.

Ettersom konsesjonssøknaden presenterer to ulike alternativ, legger vi frem budsjett for begge løysningane. Begge budsjetta tar høgde for at det gjerast funn. Dersom det ikkje gjerast funn vil kostnadane kunne forkortast noe. Dersom uventa forhold fører til forlenga registrering og dermed auka utgifter for tiltakshavar, vil vi varsle om dette.

Budsjett for undersøkinga, alternativ 1:

ART	PRIS DAGSVERK	ANTALL DAGSVERK	BUDSJETT
Forarbeid	6938	0	0
Overflateregistrering	6938	1	6938
Prøvestikking	6938	0	0
Maskinell sjakting	6938	4	27752
Metallsøking	6938	0	0
Innmåling	6938	1	6938
Andre metoder	6938	0	0
Etterarbeid	6938	3	20814
SUM		9	62442

Budsjett for undersøkinga, alternativ 2:

ART	PRIS DAGSVERK	ANTALL DAGSVERK	BUDSJETT
Forarbeid	6938	0	0
Overflateregistrering	6938	2	13876
Prøvestikking	6938	0	0
Maskinell sjakting	6938	0	0
Metallsøking	6938	0	0
Innmåling	6938	0	0
Andre metoder	6938	0	0
Etterarbeid	6938	2	13876
SUM		4	27752

I tillegg til dette kjem eventuelle utgifter til handsaming og datering av kolprøver, prisen er i dag kroner 6000 per prøve. Vi tek atterhald om at timeprisen og prisen for datering av kolprøver kan endrast.

Registreringar med heimel i kulturminnelova § 9, og er ikkje å anse som einskildvedtak etter forvaltningslova. Det tyder at det ikkje kan klagast over kostnadsoverslaget, men planmyndigheit/tiltakshavar kan be Riksantikvaren vurdere om overslaget er rimeleg.

Vi føreset at tiltakshavar/plankontor tek ansvar for følgjande:

- Det skal gjevast melding om at det vil bli gjennomført arkeologiske registreringar til grunneigarar, forpaktarar og andre som bur innanfor planområdet.
- Sende digital avgrensing av planområdet i .sos eller .shp format til oss før undersøkinga blir sett i gang.
- Fri tilgjenge til planområde, t.d. å skaffe nøklar til bommar og informere om ikkje kartfesta veger.

Ved budsjettalternativ 1 (sjakting):

- Innhente graveløyve og påvise VA-anlegg og kablar før registreringa blir sett i gang.
- I tilfelle skade på drener, kablar, fiberoptiske kablar eller anna må istandsetting kostas av tiltakshavar.
- Sikring av undersøkingsområdet.
- Ved funn leggje igjen søkesjakter direkte etter undersøkinga.
- Det kan bli nødvendig å fjerne tre og annan vegetasjon i samband med undersøkingane våre. Dette vil tiltakshavar måtte koste. Vi vil i tilfelle gje melding om dette.
- Dyr på beite må haldast utanfor registreringsområdet.
- Skade på avling blir erstatta av tiltakshavar.

Aksept på kostnadsoverslag og vilkår sendast til Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 Skien eller på e-post til lise.loktu@t-fk.no. Vi ber om skriftleg aksept i god tid før undersøkingane er ønskt gjennomført, og at den blir merka med vårt saksnummer og namn og adresse på fakturamottakar. Det må reknast ventetid for å få gjennomført arkeologisk feltarbeid.

Om det viser seg at det er konflikt mellom eit automatisk freda kulturminne og tiltak, som ikkje kan løysast gjennom tilpassing av tiltak, må det søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova. Søknaden blir utarbeidd av fylkeskommunen og sendt til Riksantikvaren for vurdering. For at Riksantikvaren skal ha tid til å handsame søknaden har det regionale kulturminnevernet rett til tre månader uttalefrist, i medhald av kulturminnelova § 9 andre ledd. Fristen kan om naudsynt forlengast ytterlegare. Om Riksantikvaren innvilgar dispensasjon, vil det vanlegvis stillast vilkår om ein arkeologisk utgraving før tiltaket blir realisert. Utgifter til ei slik utgraving må berast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10. For meir informasjon viser vi til våre internettsider (<http://www.telemark.no/kulturminne>) og heimesidene til Riksantikvaren (<http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Veiledning/>).

Eventuelle spørsmål kan rettast til rådgjevar Lise Loktu på telefon 35 91 74 07 eller e-post lise.loktu@t-fk.no.

Vi gjer også merksam på *meldeplikta* etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det blir oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjent på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje blir skada. Telemark

fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding. Om det blir påvist automatisk freda kulturminne er det Riksantikvaren som avgjer om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det.

Vi rår at til meldeplikta innarbeidast i fellesføresegnene i miljø- og transportplanen, og at følgjande tekst vert brukt:

Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndighetene avgjer snarast mogleg – og seinst innan 3 veker – om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminneloven § 8 andre ledd).

Ettersom deler av reguleringsplanen kjem inn under Norsk Maritimt museum sitt ansvarsområde, er saka sendt museet for vurdering. NMM uttaler følgande:

«NMM er kulturvernets landsdelsinstitusjon for forvaltning av kulturminner under vann i Sør-Norge. Vi vurderer planen ut fra hensynet til en eventuell konflikt med kulturminner under vann som er fredet, eller vernet, av Lov om Kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) §§ 4 eller 14.

Museet er ikke kjent med kulturminner under vann som kan bli berørt av tiltaket. På tross av en lang historikk knyttet til sagbruk, kvern mm i området, anser vi potensialet for skipsvrak og andre maritime kulturminner som begrenset i elven. De fleste tyngre inngrep vil foregå på land.

NMM har derfor ingen innvendinger til planen.

Vi minner om meldeplikten ved funn av kulturminner, jf. kml § 14 tredje ledd. Dersom det under arbeidene oppdages kulturhistorisk materiale som kan være vernet eller fredet (for eksempel vrakdeler, keramikk, flint, glass, kritt Piper eller annet), må arbeidene straks stanses og museet varsles. Tiltakshaver plikter å underrette den som skal utføre arbeidene om dette, men står også selv ansvarlig for at det blir overholdt.»

Andre omsyn

Forslag til Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest- Viken 2016-2021 har nylig vært på høyring og skal opp til handsaming i fylkesting vår/forsommer 2015. Oterholtfossen i Bøelva ligg i Midtre Telemark vatnområde. I arbeidet med vannforvaltningsplanen, har Bøelva fått karakteristikken *god økologisk tilstand*. Kjemisk tilstand er udefinert, da en ikkje har nok data. I vatnforvaltningssamanheng er målet å oppretthalde den gode miljøtilstanden i vatnforekomsten. Ved ein eventuell kraftutbygging, er det difor viktig å sørge for at alle typar avbøtande tiltak som er mulig for å oppretthalde god miljøtilstand, blir sett i verk. Nye inngrep i ein vatnforekomst (§12 i vannforskriften) og som kan føre med seg forringelse av miljøtilstanden, kan ifølge vannforskriften settast i verk dersom det inneberer ein ny bærekraftig aktivitet;- føreset at:

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i vannforekomstens tilstand,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene skal være større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- *hensikten med de nye inngrepene eller aktivitetene kan på grunn av manglende teknisk gjennomførbarhet eller uforholdsmessig store kostnader, ikke med rimelighet oppnås med andre midler som miljømessig er vesentlig bedre.*

Det er viktig at samfunnsnytta (fornybar kraft) er tilstrekkelig dokumentert. Ved eit inngrep i vatnforekomsten, vil vassføringa bli redusert på delstrekningar, noe som kan få negative konsekvensar bla. for fisk og ferskvannsorganismer. KU konkluderer med dette for begge alternativ, med alternativ 2 som middels negativ konsekvens utifrå det ein veit pr. i dag. I konsesjonssøknaden er det gjort vurderingar om at det bør foretas grundigare undersøkingar mht. biologi. Dette støttes.

I dag er vassføringa i elva styrt av Sundsbarmkonsesjonen/konsesjon for Seljordsvatnet. Det synes derfor viktig at søknaden om Nye Oterholtfoss kraftverk blir sett i sammenheng med revisjon av Sundsbarmkonsesjonen og søknad om bygging av Herrefoss kraftverk, slik at hele vassdraget vurderast under eit.

I tillegg til eit mål om oppretthalding av god økologisk tilstand, er vatnforvaltninga i sin karakter fundert på eit heilskapeleg samfunnsperspektiv, slik at òg brukerinteresser som blant anna friluftsliv og landskapsoppleving blir tatt omsyn til. Fylkeskommunane har av staten fått i oppdrag å vurdere synergieffektar mellom vatnforvaltning og andre ansvarsoppgåver som idrett, folkehelse, reiseliv, med meir. Dette vassdragsavsnittet av Bøelva har stor lokal verdi særlig for nærfriluftslivet.

Alternativ 2 synes å ha minst negativ konsekvens i forhold til vatnforvaltninga, friluftsliv, kulturmiljø/landskap. Den vurderinga NVE gjør av samfunnsnyttan (økt kraftproduksjon) kontra reduksjon av andre verdiar, bør baserast på eit heilskapeleg verdiperspektiv. Konsekvensutredningane gir eit godt grunnlag for slike vurderingar.

Vurdering

Det er uavklart om tiltak knytt til en eventuell konsesjon er i konflikt med regionale og/eller nasjonale arealbruksinteresser (fortrinnsvis automatisk freda kulturminne). Telemark fylkeskommune vil av den grunnen ikkje gje endeleg uttale til tiltak knytt til konsesjonen før undersøkingane etter kulturminnelova § 9 er oppfylt, dvs. at dei varsla undersøkingane er gjennomført. Avbøtande tiltak og vilkår om krav som følge av eventuelle dispensasjonar etter kml § 8 må innarbeidast i konsesjonen/miljø- og transportplan.

Alternativ 2 synes å ha minst negativ konsekvens i forhold til vatnforvaltninga, friluftsliv, kulturmiljø/landskap. Den vurderinga NVE gjør av samfunnsnyttan (økt kraftproduksjon) kontra reduksjon av andre verdiar, bør baserast på eit heilskapeleg verdiperspektiv. Konsekvensutredningane gir eit godt grunnlag for slike vurderingar.

Med helsing
Telemark fylkeskommune
Avdeling for areal og transport

Torbjørn Landmark
rådgiver

Sakshandsamare: Torbjørn Landmark, Lise Loktu,

Vår dato
06.02.2015

Vår referanse
14/00631-2

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Noregs vassdrags- og energidirektorat		Postboks 5091, Majorstuen	0301 OSLO